



Barnekoret Tårnagentane, leia av Eva Megyesi og Nelly Kjærland, framførte tilsaman 6 songar.

200 menneske i alderen frå eit til hundre år hadde funne vegen til kyrkja i dag for å høyra julebodskapen med grunnlag i det evangelisten Lukas skriv i kap. 2, 1 - 20. Soknepresten, Lina Håland, bad oss vera stille og prøva å leggja bort suter og alt som tyngjer oss i kvardagen. Barnekoret Tårnagentane var eit friskt innslag i gudstenesta og framførte tilsaman 6 songar.

Jukebodskapen er alltid like aktuell. I dag fekk vi ein tale framført med innleving og intensitet. Keisaren ville telja alt og alle. Mange la på vandring til kvar sine slektsbyar. I alt kaoset med deklamasjon, mykje roping og høge røyser fødde Maria det vesle barnet i ein stall. Berre gjetarane finn vegen og ser at det er sant det som før eg sagt dei. Jesus, Frelsaren, er fødd. Gud har kome oss nær fordi Guds evige ord er blitt menneske.



200 menneske i alderen 1 til 100 år fann vegen til kyrkja i dag på juleafta.

Tårnagentkoret, leia av Eva Megyesi og Nelly Kjærland, song velkjende julesongar, men også nye songar for mange i kyrkja i dag. Tekstane Søk først Guds rike, Sjå, eit lite barn og Min trufaste ven vart framført med friskt tonefylgje av kantoren.

Inntekta frå offeret rundt alteret gjekk til Sjømannskyrkja, slik tradisjonen har vore i Uskedalen i lang tid i jula Ja, like frå den tid då bygda hadde mange sjøfolk i handelsflåten, i kystfart og i lokal rutefart.

I kunngjeringa vart det sagt fram at neste gudsteneste er på Nyttårsafta kl. 11 med Reidar Ådnanes som prest.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Soknepresten, Lina Håland, framførte ein tale med stor innleving og intensitet.